

Arbeid med ny samfunnsplan i Dovre

Møte med prosjektgruppa i Skjåk kommune
8. desember 2025



Samfunnsplanen på 1-2-3

1

Alle kommunar skal ha ein **kommuneplan** med ein samfunnsdel, handlingsdel og arealdel.

2

Samfunnsplanen (samfunnsdelen) skal vise dei lange linjene – **mål og strategiar for ønska samfunnsutvikling.**

3


Føringane i samfunnsplanen skal **følgast opp** gjennom økonomiplanen og anna planlegging i kommunen.



Kva er ikkje den nye samfunnsplanen i Dovre?

- Samfunnsplanen er ikkje ein handlingsplan eller tiltaksplan.
- Samfunnsplanen er ikkje detaljert.
- Samfunnsplanen er ikkje ein verksemdsplan – den dekkar ikkje heile kommuneorganisasjonen.
- Samfunnsplanen har ikkje svara på alle spørsmål – resultat av tverrpolitisk samarbeid og politiske kompromiss på mange område.

Litt om utgangspunktet for ein ny plan



Kommunevalet la grunnlaget

«Samfunnsplanen står i ei særstilling som strategisk plan i kommunen og kan ikkje skiljast frå kommunevalet og valresultatet.»

(KS-FOU, 2023)



Kva var bestillinga frå kommunestyret?

- At vi skal ha gode tverrpolitiske diskusjonar om innhaldet i samfunnsplanen.
- At vi legg berekraftig samfunnsutvikling til grunn.
- At planen skal bli til i samarbeid med innbyggjarane i Dovre.
- At samfunnsplanen skal innehalde ein langsiktig arealstrategi.
- At satsingar i samfunnsplanen blir følgd opp i årsbudsjett og økonomiplan.
- At kommunestyret må gje politisk retning før vi vurderer planbehovet.
- At vi skal rydde opp i gamle og utdaterte planar.


Overordna grep for arbeidet med planen

- Politisk styring og styrking av lokaldemokratiet
- Administrativ forankring
- Innbyggjarinvolvering
- Realistisk og berekraftig planlegging
- Forenkle plansystemet





Planverkstader i kommunestyret i feb/mar 2024



- Utgangspunkt:
 - FN 17
 - Nasjonale forventingar
 - Kunnskapsgrunnlaget
 - Partia sine valprogram
- Tverrpolitiske diskusjonar
- Stort engasjement og positive stemning
- Resultat:
 - 5 satsingsområde



I arealstrategien fastset Dovre kommune dei overordna rammene for arealbruk i kommunen.

Arealstrategien seier noko om korleis kommunen ønskjer å nytte areala.

Arealstrategien legg føringar for den juridisk bindande arealdelen til kommuneplanen. På denne måten sikrar vi betre politisk styring med arealbruken i kommunen.

Dovre kommune skal:

- Sørge for heilskapleg utvikling av tettstadene og grendene med gode og varierte bustader og møteplassar som er tilgjengelege for alle. Vi skal prioritere estetikk og arkitektur, og vi skal ta vare på dei stadeigne kvalitetane i heile kommunen.
- Gjere det enklare og tryggare å gå og sykle i heile Dovre – både i sentrumsområda og mellom tettstadene og grendene. Vi skal arbeide for å få til samanhengande gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen.
- ~~Legge til rette~~Sørge for at det bur folk i bustadene i Dovre, ~~og at bustadene i Dovre er i permanent bruk som heilårsbustad.~~
- Sikre at all dyrka mark~~matjorda~~ nyttast til matproduksjon. Landbruksareal som blir seld, skal primært seljast til bruk ~~med aktivt husdyrhold i aktiv drift. Eier skal selv bestemme hvem han/hun vil selge til. I strid med jordloven~~ Sikre et variert landbruk i Dovre Kommune med varierte driftsformer.
- ~~Verden treng energi, og fornybar energiproduksjon krev areal. Dette forutset grundige vurderingar av konsekvensar.~~ Før vi bygger ned meir natur, skal vi greie ut moglegheitene for å utnytte areal som allereie er satt av til utbygging.
- ~~Unngå utbygging og anna negativ påverking på areal med store karbonlager, til dømes myr.~~ Vi skal sikre naturmangfald og naturverdiar og hindre nedbygging og fragmentering av natur. ~~Vi skal ikkje sette av nye område til hyttebygging.~~
- Bevare tradisjonelt kulturlandskap ved å legge til rette for fjellandbruk og seterdrift. Vi skal òg ivareta viktige kulturminne i kommunen.
- ~~Ta omsyn til Forsvarets arealbehov i samfunns- og arealplanlegginga.~~
- Legge til rette for næringsutvikling på eigna areal. ~~God infrastruktur er avgjerande for industrien.~~ Vi skal difor utvikle Høyveg og Jora industriområde med eksisterande og ny verksemd.
- Som nasjonalparkkommune skal vi jobbe for ei ansvarleg og lokal forvaltning av naturverdiar.
- Legge til rette for grøne transportløysingar mellom anna gjennom nødvendig infrastruktur for lading/fylling av små og store køyretøy på eigna areal.
- Oppdatere, revidere og oppheve eldre planar for å unngå arealbruk som er i strid med ~~ønska~~ utvikling i Dovresamfunnet.
- ~~Jobbe med løysingar for å unngå at tunge køyretøy blir stilt opp i sentrumsområda våre.~~

Skal arealstrategien stå på egne bein eller er den en del av samfunnsdelen? Spør fordi vi gjentek i arealstrategien en del punkt som er dekt i dei 5 satsingsområda. eksempelvis ivaretagelse av

 Furumo, Arne

Godt innspel. Arealstrategien er ein del av samfunnsdelen.

@omtal eller svar

 fredarne.hessen@gmail.com ... 

Ikke enig med Arnfinn, Kommunen skal legge til rette. Kommunen kan ikke presse folk inn i husa.

 arnfinn.ruset@hotmail.com

SP meiner at dette punktet er viktig. Kommunen må jobbe for at husa i kommunen blir tekne i bruk, fortrinnsvis som heilårsbustad. Det treng oss! Kommunen må sjekke

@omtal eller svar

 arnfinn.ruset@hotmail.com ... 

Her bør vi bruke sterkere begrep enn "legge til rette". Foreslår "Sørge for".

@omtal eller svar

 ida.amble@gmail.com ... 

Uenig med Fred Arne her. Vi bør ikke bygge ut myr.

 fredarne.hessen@gmail.com

Se setningen under...sikre ...naturverdier

@omtal eller svar

Ny samfunnsplan i Dovre:

Fleire folkemøte i heile kommunen

Korleis vil vi ha det i Dovre? Kva skal vi satse på?
Og korleis skal vi få det til i lag?

Kom på eitt av dei fire folkemøta og fortel
politikarane kva du meiner er viktig for utviklinga
for heile Dovre fram mot 2035:

- 13. januar kl. 18-20: Skogvang grendahus
- 21. januar kl. 18-20: Dovre samfunnshus
- 29. januar kl. 18-20: Hageseter turisthytte
- 4. februar kl. 18-20: Dombås samfunnshus





Folkemøte med politikarane

- Organisert som planverkstader – gruppearbeid, diskusjonar og «høgt under taket».
- Politikarane sine møte med støtte og prosessleiing frå planavdelinga.
- Viktig grep: Vi samla alle innspel som kom inn under folkemøta og publiserte (uredigert) på heimesida.




Korleis er den nye samfunnsplanen bygd opp?

- Satsingsområde, mål og strategiar
- Arealstrategi
- Samfunnsplanen legg føringar for budsjett- og økonomiplanarbeidet i kommunen.
- Kva for planar treng vi for å følgje opp prioriteringane i samfunnsplanen?



Dovre kommune

Kommuneplanens samfunnsdel 2025–2036





5 satsingsområde

1. Trygge og levande lokalsamfunn for alle
2. Gode tenester – heile livet
3. Demokrati, styring og aktiv deltaking
4. Næringsutvikling og natur- og kulturbasert verdiskaping
5. Klima, natur og miljø for framtida

Bruk samfunnsplanen aktivt og smart!

- Finn ut om samfunnsplanen løftar fram noko på ditt område – kanskje noko du allereie jobbar med i dag?
- Kan du vise til samfunnsplanen for å argumentere for eige budsjett?
- Kan du bruke samfunnsplanen til å søke inn midlar til viktige prosjekt på ditt område?
- Kan samfunnsplanen motivere deg og dine tilsette/kollegaer?
- Vis til mål og strategiar i samfunnsplanen i politiske orienteringar eller i saksframlegg.



Samfunnsplanen er tett knytt til valperiodane

I valåret:

- Innbyggjarundersøking
- Utfordringsbildet / kunnskapsgrunnlaget

Første året i valperioden:

- Folkevaldopplæring og politiske verkstader
- Kommunestyret vedtar ny samfunnsplan

Kvart år:

- Økonomiplan (oppfølging av samfunnsplanen og vurdering av planbehovet)

Behov for administrativ kommuneplangruppe

Bidra til administrativ forankring av samfunnsplanen.

Jobbe med budsjett og økonomiplan gjennom året og sørge for nødvendig involvering av kommuneadministrasjonen.

Sikre at budsjett og økonomiplan følger opp satsingsområde, mål og strategiar i samfunnsplanen.

Koordinere budsjettarbeidet med eigna politisk nivå.

Utgangspunkt i utvida leiargruppe.

Vurdere verktøy for å sikre god samhandling mellom kommuneplan og økonomiplan og mellom politikk og administrasjon.



Frå satsingsområde, mål og strategiar i samfunnsplanen til konkrete tiltak med budsjett i handlings- og økonomiplanen.